

Påmelding.

Dersom du ynskjer å vere konfirmant hos oss, melder du deg på gjennom eit skjema på nettsida vår: kyrkja.no/naustdal

Konfirmantkontingent

Pris for konfirmantåret (konfirmantfestival, leir, mat på undervisnings-samlingane, bok, materiell med meir) **kr.1 500,-**

Har de utfordringar i forhold til pris? Ta kontakt med soknepresten.

Vi ser fram til å møte eit nytt konfirmantkull, og til godt samarbeid med dykk som foreldre/føresette.

Dersom de har spørsmål, ta gjerne kontakt på mobil 489 57 436 (prest), eller 99 27 99 55 (kyrkjelydspedagog).

Med helsing

Rigmor Frøyen, Sokneprest i Naustdal

Jenny Ødven Snildal,

Kyrkjelydspedagog i Naustdal

e-post: rigmor.froyen@sunnfjordkyrkja.no

e-post: jenny.snildal@sunnfjordkyrkja.no

Konfirmasjon 2023:

- **7.mai 2023: konfirmasjon i Vevring**
- **14.mai 2023: Konfirmasjon i Naustdal**



Ill:
Ingela Peterson
Birgitte Kolbeinsen



VELKOMEN SOM KONFIRMANT I KYRKJA 2022/ 2023!

Har du tenkt på om du vil vere konfirmant i kyrkja?

Her kjem litt informasjon om kva som skjer i Naustdal og Vevring.

Tysdag 14. juni inviterer vi til **Konfirmant- innskriving** i Naustdal kyrkje.

A - klassen møter kl. 18.00. B – klassen møter 19.30.

Møt opp saman med forelder/føresett.

Det vert informasjon og deretter vil kvar konfirmant, saman med føresette, ha ein kort samtale med Rigmor Frøyen eller Jenny Ødven Snildal.

Har de vanskar med å møte kan de ta kontakt med underteikna. De frå Vevring; de kan velje om de vil komme denne kvelden, eller møte opp 2.pinsedag i Vevring, (innskriving etter gudsteneste, ca kl 12)

Konfirmantåret inneheld mykje forskjellig. Det står det meir om i denne foldaren.

Det er ikkje alt som er ferdig planlagt enno, difor er det ein del datoar og detaljar rundt opplegg som vi må komme tilbake til.

Til innskrivinga skal konfirmantane ta med seg:

- Ferdig utfylt avtale, som ligg ved dette brevet. Hugs underskrift på begge skjema.

Det er viktig at du som ungdom samtalar med foreldra/ føresette om kva du tenker om å vere konfirmant, og at de ser igjennom opplegget. Det går an å vente til over sommaren om du ikkje har bestemt deg, men vi ynskjer påmelding innan 1.august. Er det noko du lurar på, før du bestemmer deg, så kan vi ta ein prat om det.



KONFIRMANTTIDA

Konfirmant-tida er mykje meir enn sjølve konfirmasjonsdagen i mai.

Tema og spørsmål vi arbeider med i konfirmasjonstida:

- ❖ Kva er viktig i den kristne trua?
- ❖ Sorg og glede. Godt og vondt. Kva med alt det vonde i verda?
- ❖ Solidaritet og nestekjærleik. Skal eg bry meg om dei andre?
- ❖ Kva er bøn?.
- ❖ Kva er nattverd?
- ❖ Sjølvbilete og menneskesyn
- ❖ Venskap. Relasjonar. Kjærleik

Vi ynskjer deg ei god tid som konfirmant hos oss og vi ynskjer å vere saman med deg i eit godt miljø, og ha det fint i lag.

KVA SKJER I KONFIRMANTÅRET?

Undervisning.

All undervisning føregår utanom skuletid, på kyrkjelydshuset og i kyrkja. Det er undervisning ca. ein gong i månaden. Dag og tidspunkt kjem vi tilbake til.

Gudstenester.

Konfirmantane går på 9 gudstenester i løpet av året. Medrekna i dette er dei obligatoriske: presentasjons-gudsteneste, lysmesse, temagudsteneste og konfirmasjonsdagen. Nokre gudstenester vel de sjølve.

Tenesteoppgåver.

I nokre av gudstenestene får konfirmantane oppgåver.

Konfirmantane er også med på samlingar for yngre årsgrupper: 4-års samling, Lys Vaken, Tårnagent m.m. Konfirmantane vert satt opp på desse oppgåvene.

Konfirmantane sitt misjonstreff:

Konfirmantane vert delt i grupper og er med ein gong i løpet av konfirmant-året. Konfirmantane står for program, vaffelsteiking, loddosal m.m.

Konfirmantfestival 29.okt. – 2022

Dagsarrangement med ulike aktivitetar saman med konfirmantar frå andre stader i Sunnfjord. Dette vert ein stor «happening» !

Konfirmantleir på Alværa 10.-12.mars: Konfirmantleir er kjekt! Vi reiser til Alværa, ein fin leirstad ved Sognefjorden, ca.10 min frå Lavik. Vi skal ha leir saman med konfirmantar frå Jølster, og ei gruppe frå Bergen skal ha opplegg for oss.

Innsamlingsaksjon mars -2023.

Årleg innsamlingsaksjon der konfirmantane går frå dør til dør og samlar inn til eit prosjekt for Kirkens Nødhjelp.



VIKTIGE DATOAR:

- ❖ 18.september kl. 11.00. Presentasjon av konfirmantar i Vevring
- ❖ 25. september kl. 11.00. Presentasjonsgudsteneste i Naustdal
- ❖ 29. oktober. Konfirmantfestival
- ❖ 27. november. Lysmesse i Naustdal.
- ❖ 4. desember. Lysmesse i Vevring.
- ❖ Leir 10.-12.mars 2023.
- ❖ Mars 2023: Innsamlingsaksjon for Kirkens Nødhjelp

Til foreldre/ føresette for ein kyrkjeleg konfirmant:

Det vert orientering om konfirmantåret/ konfirmant-innskriving i Naustdal kyrkje:

Tysdag 14. juni.

A - klassen møter kl. 18.00. B – klassen møter 19.30.

Vel møtt til konfirmasjonstid og samarbeid! Som forelder vil du verte utfordra til å ta del med nokre praktiske oppgåver.

- ❖ Hjelp til med mat/ oppvask.
- ❖ Nokre blir spurt om å levere pizza.
- ❖ Hjelp til med måltid på leir /Vere nattevakt på leir/ vakt på konfirmantfestival.
- ❖ Køyring på innsamlingsaksjonen i mars.
- ❖ Praktisk hjelp på andre samlingar/kyrkjekaffi.

Det er fint om de skriv opp e-post- adressa på innmeldings-skjemaet slik at vi kan sende ut informasjon på den måten. Vi lagar også ei Facebook-gruppe, der vi legg ut informasjon/påminningar.

Gje beskjed dersom de ikkje brukar e-post eller ikkje har Facebook.

Vi oppmodar dykk til å samtale med ungdomen dykkar på førehand om det å vere konfirmant, og at de motiverer undervegs.

Dette gjeld mellom anna:

- ❖ Oppmøte og deltaking på konfirmantundervisning og andre arrangement i tilknytning til konfirmanttida.
- ❖ Gudstenester. Det er fint om de er til stades saman med konfirmanten dykkar på gudstenester.

Tilrettelegging: Konfirmant-programmet er omfattande. Vi legg også til rette for tilpassa opplegg, med større fleksibilitet. Dette gjer vi i samarbeid med dykk foreldre og konfirmanten dykkar. I skjemaet som skal fyllast ut, er det også viktig at vi får vite om særskilte behov, så vi kan ta omsyn til dette. Det gjeld til dømes matallergi, lese/skrive-utfordringar, andre ting som de tenkjer kan vere viktig for oss å vite om . Ved innskriving kan vi også snakke om dette. Ta gjerne kontakt, om de har spørsmål de ynskjer få avklart.

Så håpar vi på å få eit fint konfirmant-år saman med ungdomen dykkar.

Med helsing
Rigmor Frøyen
Sokneprest i Naustdal

Jenny Ødven Snildal
Kyrkjelydspedagog i Naustdal

Til foreldre/ føresette for ein kyrkjeleg konfirmant:

Det vert orientering om konfirmantåret/ konfirmant-innskriving i Naustdal kyrkje:

Tysdag 14. juni.

A - klassen møter kl. 18.00. B – klassen møter 19.30.

Vel møtt til konfirmasjonstid og samarbeid! Som forelder vil du verte utfordra til å ta del med nokre praktiske oppgåver.

- ❖ Hjelp til med mat/ oppvask.
- ❖ Nokre blir spurt om å levere pizza.
- ❖ Hjelp til med måltid på leir /Vere nattevakt på leir/ vakt på konfirmantfestival.
- ❖ Køyring på innsamlingsaksjonen i mars.
- ❖ Praktisk hjelp på andre samlingar/kyrkjekaffi.

Det er fint om de skriv opp e-post- adressa på innmeldings-skjemaet slik at vi kan sende ut informasjon på den måten. Vi lagar også ei Facebook-gruppe, der vi legg ut informasjon/påminningar.

Gje beskjed dersom de ikkje brukar e-post eller ikkje har Facebook.

Vi oppmodar dykk til å samtale med ungdomen dykkar på førehand om det å vere konfirmant, og at de motiverer undervegs.

Dette gjeld mellom anna:

- ❖ Oppmøte og deltaking på konfirmantundervisning og andre arrangement i tilknytning til konfirmanttida.
- ❖ Gudstenester. Det er fint om de er til stades saman med konfirmanten dykkar på gudstenester.

Tilrettelegging: Konfirmant-programmet er omfattande. Vi legg også til rette for tilpassa opplegg, med større fleksibilitet. Dette gjer vi i samarbeid med dykk foreldre og konfirmanten dykkar. I skjemaet som skal fyllast ut, er det også viktig at vi får vite om særskilte behov, så vi kan ta omsyn til dette. Det gjeld til dømes matallergi, lese/skrive-utfordringar, andre ting som de tenkjer kan vere viktig for oss å vite om . Ved innskriving kan vi også snakke om dette. Ta gjerne kontakt, om de har spørsmål de ynskjer få avklart.

Så håpar vi på å få eit fint konfirmant-år saman med ungdomen dykkar.

Med helsing
Rigmor Frøyen
Sokneprest i Naustdal

Jenny Ødven Snildal
Kyrkjelydspedagog i Naustdal